



Møteprotokoll Valstyret

Møtedato: 13.09.2021
Møtestad: Austrheim kommunehus - møterom Børilden
Møtetid: 17:00 – 23:30

Frammøtte medlemmer	Rolle
Per Lerøy	Utvalsleiar
Inger Lise Brekke	Nestleiar
Morten Sognnes	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Ketil Tjore, Kristin Nesbø, Thomas Lindås

Austrheim 14. september 2021

Per Lerøy
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
013/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/21	Godkjenning av møteprotokoll
015/21	Meldingar
016/21	Orienteringssak

013/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

13.09.2021 VALSTYRET

Handsaming i valstyret:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

VS - 013/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent

014/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

13.09.2021 VALSTYRET

Protokollen frå sist møte vart ikkje handsama i valstyret 13/9, men kjem opp i møtet 14/9.

VS - 014/21 VEDTAK:

Utsett til neste møte

015/21: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

13.09.2021 VALSTYRET

Ingen meldingar

VS - 015/21 VEDTAK:

Ingen meldingar

016/21: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

13.09.2021 VALSTYRET

Handsaming av røyster til stortingsvalet:

Førehandsrøyster frå andre kommunar vart talde først. Desse er i konvoluttar, og er sendt til kommunen frå andre kommunar.

(Dette er ikkje dei førehandsrøystene kommunen fekk tilsendt på valdagen 13. september, desse er rekna i kategorien "seint innkomne førehandsrøyster", og skal teljast først 14/9 klokka 17:00).

Det var 46 omslagskonvoluttar å telja, kvar med valkort og brun konvolutt for røystesetel. I ein av konvoluttane var det to røystesetlar, der berre den som var bretta rundt var stempla. Valstyret vurderte denne, og det var semje om at røystesetelen utan stempel, som låg inni den andre, vart forkasta.

Mellom dei andre konvoluttane var det i alt tre røystesetlar som ikkje var stempla, men der dei låg aleine i den brune konvolutten. Desse vart kjende som gyldige og etterstempla, jamført korleis dette er forklart på valgmedarbeiderportalen.valg.no: *Når stemmesedler er avgitt i en stemmeseddelkonvolutt, anses selve stemmeseddelkonvolutten som et stempel. Disse stemmesedlene skal derfor etterstemples med en gang de tas ut av stemmeseddelkonvolutten.* Valstyret godkjende altså desse tre, og dei vart etterstempla. Det var sjekka undervegs i opninga av konvoluttane at det var stempel på dei andre røystene.

Dei 46 røystesetlane vart så lagt til side, og urne med ordinære førehandsrøyster vart opna og tømt.

Desse vart delte opp i bunkar og talde to gonger. Talet var samsvarande, 803 røystesetlar i urna med førehandsrøyster.

Det vart tatt ut 200 av desse med tanke på stikkprøvekontroll. Dei resterande 603 vart saman med dei 46 førehandsrøystene frå andre kommunar delte i bunkar på parti, og talde to gonger. Det var samsvar mellom dei to teljingane, og dette vart ført på eiga liste. Så vart dei siste 200 røystesetlane delte i bunkar på parti, og talde to gonger. Det var samsvar mellom dei to teljingane, og dette vart ført på eiga liste.

Desse i alt 849 røystesetlane vart kjørt gjennom Eva Skann. Her kom det fram at det var ein av røystesetlane som kom frå urna med førehandsrøyster, som ikkje var stempla. Denne vart lagt fram for valstyret, som forkasta denne.

Med denne forkasta var det ein differanse på 1 i tal stemmer og kryss i manntalet for førehandsrøystinga. Valstyret godtok denne differansen.

Valstyret tok pause frå 20.30 til 21.15. Etter dette kom røystene inn frå dei to røystekrinsane, Kaland og Austrheim. Desse var talde og fordelte på parti ute i røystelokala, og ved skanning var det samsvar mellom rapporterte tal og skanning. Valstyret godkjende teljinga.

Det vart vurdert tre røyster frå Austrheim krins. Dette var ein ustempla røysetel, denne vart forkast av valstyret. Og det var to røyster leverte i særskilt omslag med valkort. Begge desse var røyster avlagt på valtinget, men av personar som er manntalsførte i Bergen kommune. Valstyret forkasta begge disse. Det vart vurdert fire røyster frå Kaland krins, alle fire leverte i særskilt omslag med valkort. Ein av desse var frå person manntalsført i Stavanger kommune. Denne vart forkasta. Dei tre andre var frå personar utan statsborgarskap, og som ikkje har røysterett ved stortingsval. Desse vart forkasta.

Valstyret var ferdige klokka 23.30.

Vedtak i valstyret:

Valstyret godkjenner oppteljing av ordinære førehandsrøyster, førehandsrøyster og valtingsrøyster, med dei merknader som er noterte i protokollen. Det vert i tillegg ført eiga møtebok for stortingsvalet (etter mal frå Valdirektoratet), denne vert ført først etter siste telling 14/9.

VS - 016/21 VEDTAK:

Valstyret godkjenner opptelling av ordinære førehandsrøyster, førehandsrøyster og valtingsrøyster, med dei merknader som er noterte i protokollen. Det vert i tillegg ført eiga møtebok for stortingsvalet (etter mal frå Valdirektoratet), denne vert ført først etter siste telling 14/9.
